



Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar: Ref.:AGBFYB-
Skjemanr.:3934
Vår: 23/3950 - 23/38227

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
16.05.2023

Foreløpig svar på rørleggermelding - Gbnr 444/74 Mangerneset

Tiltak: Tilknytning kommunalt vatn
Byggjestad: Mangersnesvegen Gbnr 444/74
Tiltakshavar: Ove Gundersen
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Privat leidningsstikk skal leggst over annan manns grunn. Før kommunen kan handsame søknaden skal det ligge føre tinglyst rett til å legge leidningar over annan manns grunn. Vi ber om at kopi av tinglyst rett vert sendt inn.
2. Det skal ligge føre godkjent utsleppsløyve før kommunen kan handsame søknad om tilknytning til kommunalt vatn. Det er sendt inn søknad om utsleppsløyve som, per dags dato, ikkje er handsama.
3. Eksisterande drencrøyr/kisteveit skal ikkje nyttast til legging av vassleidning gjennom veg. Drencrøyr/kisteveit har som føremål å lede vatn gjennom veg og er ikkje egna for leidningsnett.

Privat vassleidning skal leggst i eigen grøft med ei over dekning som sikrar at leidningsnett ligg frostfritt. Tiltakshavar skal, saman med entreprenør godkjent for arbeid i offentleg veg, søkje kommunen om løyve til å legge vassleidning gjennom kommunal veg. Entreprenør skal utarbeide ei arbeidsvarslingsplan som leggst ved søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ove Gundersen

Austesundvegen 5938
18a

Sæbøvågen

Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG